

## EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1102/2008

2017/EØS/6/50

av 22. oktober 2008

**om forbod mot eksport av metallisk kvikksølv og visse kvikksølvambindingar og -blandingar, og om trygg lagring av metallisk kvikksølv(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga om Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1 og, med omsyn til artikkel 1 i denne forordninga, artikkel 133 i traktaten,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(1)</sup>,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>(2)</sup>, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Utslepp av kvikksølv vert rekna som eit verdsomfattande trugsmål som krev tiltak både på lokalt, nasjonalt og regionalt plan og på verdsplan.
- 2) I samsvar med meldinga frå Kommissjonen til Rådet og Europaparlamentet om ein fellesskapsstrategi for kvikksølv, konklusjonane til Rådet av 24. juni 2005 og resolusjonen frå Europaparlamentet av 14. mars 2006<sup>(3)</sup> om den førnemnde strategien, er det naudsynt å redusere risikoen for eksponering for kvikksølv for menneske og miljø.
- 3) Tiltak som vert gjorde på fellesskapsplan, må sjåast som ein del av ein verdsomfattande innsats for å redusere risikoen for eksponering for kvikksølv, særleg innanfor ramma av kvikksølvprogrammet i medhald av miljøprogrammet til Dei sameinte nasjonane.
- 4) Stenginga av kvikksølvgruver i Fellesskapet fører til miljøproblem og sosiale problem. Støtta til prosjekt og andre initiativ frå den tilgjengelege finansieringsordninga

bør halde fram, slik at dei områda som er påverka, kan finne gode løysingar for miljøet, sysselsetjinga og den økonomiske verksemda på lokalt plan.

- 5) Eksporten frå Fellesskapet av metallisk kvikksølv, sinober, kvikksølv(I)klorid, kvikksølv(II)oksid og blandingar av metallisk kvikksølv og andre stoff, medrekna kvikksølvlegeringar, med ein kvikksølvkonsentrasjon på minst 95 vektprosent, bør verte forboden, slik at kvikksølvtilfanget på verdsplan kan reduserast monaleg.
- 6) Eksportforbodet vil føre til store overskot av kvikksølv i Fellesskapet, og desse bør hindrast frå å kome tilbake på marknaden. Trygg lagring av dette kvikksølvet bør difor sikrast innanfor Fellesskapet.
- 7) For å leggje til rette for trygg lagring av metallisk kvikksølv som vert rekna som avfall, er det føremålstenleg å gjere eit unntak frå artikkel 5 nr. 3 bokstav a) i rådsdirektiv 1999/31/EF av 26. april 1999 om deponering av avfall<sup>(4)</sup> når det gjeld visse typar fyllplassar, og å stadfeste at dei kriterier som er fastsette i del 2.4 i vedlegget til rådsvedtak 2003/33/EF av 19. desember 2002 om fastsettelse av kriterier og framgangsmåter for mottak av avfall på fyllplasser i henhold til artikkel 16 i og vedlegg II til direktiv 1999/31/EF<sup>(5)</sup>, ikkje skal nyttast på mellombels lagring av metallisk kvikksølv lenger enn i eitt år i anlegg over jorda som er meinte for og utstyrte for dette føremålet.
- 8) Dei andre føresegnene i direktiv 1999/31/EF bør nyttast på alle lagringsanlegg for metallisk kvikksølv som vert rekna som avfall. Dette omfattar det kravet som er fastsett i artikkel 8 bokstav a) iv) i det nemnde direktivet, om at den som søkjer om løyve, må innføre høvelege tiltak i form av ein økonomisk garanti eller tilsvarende, for å sikre at dei pliktene (medrekna tiltak for etterhandsaming) som følgjer av løyvet, vert gjennomførte, og at framgangsmåtene for avslutting vert følgde. Vidare skal òg europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/35/EF av 21. april 2004 om miljøansvar med hensyn til forebygging og utbedring av miljøskader<sup>(6)</sup> nyttast på slike lagringsanlegg.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 304 av 14.11.2008, s. 75, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 26/2013 av 1. februar 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 31 av 30.5.2013, s. 36.

(1) TEU C 168 av 20.7.2007, s. 44.

(2) Europaparlamentsfråsegn av 20. juni 2007 (TEU C 146 E av 12.6.2008, s. 209), felles haldning frå Rådet av 20. desember 2007 (TEU C 52 E av 26.2.2008, s. 1) og haldning frå Europaparlamentet av 21. mai 2008 (enno ikkje offentleggjort i TEU). Rådsavgjerd av 25. september 2008.

(3) TEU C 291 E, av 30.11.2006, s. 128.

(4) TEF L 182 av 16.7.1999, s. 1.

(5) TEF L 11 av 16.1.2003, s. 27.

(6) TEU L 143 av 30.4.2004, s. 56.

- 9) Når det gjeld mellombels lagring av metallisk kvikksølv i meir enn eitt år i anlegg over jorda som er meinte for og utstyrte for dette føremålet, bør rådsdirektiv 96/82/EF av 9. desember 1996 om kontroll med farene for større ulykker med farlige stoffer<sup>(7)</sup> nyttast.
- 10) Denne forordninga rører ikkje ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1013/2006 av 14. juni 2006 om overføring av avfall<sup>(8)</sup>. For å gjere det mogleg med ei høveleg slutthandsaming av metallisk kvikksølv i Fellesskapet vert dei rette mottakar- og avsendarstyresmaktene likevel oppmoda om å unngå å gjere innvendingar mot overføring av metallisk kvikksølv som på grunnlag av artikkel 11 nr. 1 bokstav a) i den nemnde forordninga, vert rekna som avfall. I samsvar med artikkel 11 nr. 3 i den nemnde forordninga bør det nemnast at dersom det gjeld farleg avfall som vert produsert i ein avsendarmedlemsstat i ei så lita samla mengd per år at det vil vere uøkonomisk å etablere nye, spesialiserte avfallsanlegg i denne medlemsstaten, skal artikkel 11 nr. 1 bokstav a) ikkje nyttast.
- 11) For sikre ei lagring som er trygg for menneskehelsa og for miljøet, bør den tryggleiksvurderinga som krevst for lagring under jorda i medhald av vedtak 2003/33/EF, utfyllast med særlege krav, og bør òg nyttast på lagring over jorda. Inga form for slutthandsaming bør tillatast før dei særlege krava og godtakingskriteria er vedtekne. Lagringstilhøva i ei saltgruve eller i harde fjellformasjonar som ligg djupt under jorda og er tilpassa slutthandsaming av metallisk kvikksølv, bør særleg vere i samsvar med prinsippa for vern av grunnvatnet mot kvikksølv, hindring av utslepp av kvikksølv damp, hindring av gass- og væskelekkasje til omgjevnadene og – når det gjeld permanent lagring – fast innkapsling av avfallet etter deformasjonsprosessen til gruvene. Desse kriteria bør leggjast til i vedlegga til direktiv 1999/31/EF når desse vert endra for å gjennomføre denne forordninga.
- 12) Vilkår for lagring over jorda bør særleg vere i samsvar med prinsippa for reversibel lagring, vern av kvikksølv mot atmosfærisk vatn, hindring av lekkasje til jord og hindring av utslepp av kvikksølv damp. Desse kriteria bør leggjast til i vedlegga til direktiv 1999/31/EF når desse vert endra for å gjennomføre denne forordninga. Lagring av metallisk kvikksølv over jorda bør reknast som ei mellombels løysing.
- 13) Kloralkaliindustrien bør sende alle relevante opplysningar som er knytte til avvikling av kvikksølvceller i anlegga sine, over til Kommisjonen og dei rette styresmaktene
- i dei medlemsstatane som det gjeld, slik at det vert lettare å kontrollere at denne forordninga vert etterlevd. Industrisektorar som vinn ut kvikksølv frå reinsing av naturgass, eller som eit biprodukt frå gruvedrift og smelting av ikkje-jarnhaldig metall, bør òg sende relevante opplysningar over til Kommisjonen og dei rette styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld. Kommisjonen bør gjere desse opplysningane offentleg tilgjengelege.
- 14) Medlemsstatane bør sende over opplysningar om løyve som er utferdta til lagringsanlegg, og om bruken av denne forordninga og dei verknadene ho har på marknaden, slik at det vert mogleg å vurdere forordninga innan ein høveleg frist. Importørar, eksportørar og driftsansvarlege bør gje opplysningar om flytting og bruk av metallisk kvikksølv, sinober, kvikksølv(I)klorid, kvikksølv(II)oksid og blandingar av metallisk kvikksølv og andre stoff, medrekna kvikksølvlegeringar, med ein kvikksølvkonsentrasjon på minst 95 vektprosent.
- 15) Medlemsstatane bør fastsetje kva sanksjonar som skal påleggjast fysiske og juridiske personar ved brot på føresegnene i denne forordninga. Desse sanksjonane bør vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot.
- 16) Det bør leggjast til rette for utveksling av opplysningar med dei partane som det gjeld, med sikte på å vurdere om det er behov for tilleggstiltak med omsyn til eksport, import og lagring av kvikksølv og av kvikksølv sambindingar og produkt som inneheld kvikksølv, utan at det rører ved konkurransereglane i traktaten, særleg artikkel 81.
- 17) Kommisjonen og medlemsstatane bør oppmuntre til at det vert ytt fagleg hjelp til utviklingsland og til statar med overgangsekonomi, særleg hjelp som lettast omlegginga til alternative kvikksølvfrie teknologiar og ei endeleg avvikling av bruk og utslepp av kvikksølv og kvikksølv sambindingar.
- 18) Det vert no forska i trygg slutthandsaming av kvikksølv, medrekna ulike teknikkar for stabilisering eller andre måtar å immobilisere kvikksølv på. Kommisjonen bør prioritere oppfølginga av denne forskinga, og snarast mogleg leggje fram ein rapport. Desse opplysningane er viktige, ettersom dei vil gje eit solid grunnlag for ei vurdering av denne forordninga med sikte på verkeleggjeringa av målet for forordninga.
- 19) Kommisjonen bør ta omsyn til desse opplysningane når han legg fram ein vurderingsrapport for å avgjere om det er behov for å endre denne forordninga.

<sup>(7)</sup> TEF L 10 av 14.1.1997, s. 13.

<sup>(8)</sup> TEU L 190 av 12.7.2006, s. 1.

20) Kommisjonen bør òg følgje den internasjonale utviklinga med omsyn til tilbod av og etterspurnad etter kvikksølv, særleg i multilaterale forhandlingar, og avleggje rapport om dette slik at det vert mogleg å vurdere samanhengen i den overordna strategien.

21) Dei tiltaka som er naudsynte for bruken av denne forordninga når det gjeld mellombels lagring av metallisk kvikksølv i visse anlegg som er nemnde i denne forordninga, bør vedtakast i samsvar med direktiv 1999/31/EF, samstundes som det vert teke omsyn til det direkte sambandet mellom denne forordninga og det nemnde direktivet.

22) Ettersom målet for denne forordninga, som er å redusere eksponeringa for kvikksølv gjennom eksportforbod og lagringsplikt, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor på grunn av verknadene på varebyttet og verkemåten til den indre marknaden og av den grensekryssande karakteren til kvikksølvureining betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet —

#### VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

##### *Artikkel 1*

1. Eksport frå Fellesskapet av metallisk kvikksølv (Hg, CAS RN 7439-97-6), sinober, kvikksølv(I)klorid ( $\text{Hg}_2\text{Cl}_2$ , CAS RN 10112-91-1), kvikksølv(II)oksid ( $\text{HgO}$ , CAS RN 21908-53-2) og blandingar av metallisk kvikksølv og andre stoff, medrekna kvikksølvlegeringar, med ein kvikksølvkonsentrasjon på minst 95 vektprosent, skal vere forbode frå 15. mars 2011.

2. Forbodet skal ikkje nyttast på eksport av sambindingar som er nemnde i nr. 1, og som vert nytta til forskings- og utviklingsføremål, medisinske føremål eller analyseføremål.

3. Blanding av metallisk kvikksølv med andre stoff berre med sikte på eksport av metallisk kvikksølv skal vere forbode frå 15. mars 2011.

##### *Artikkel 2*

Frå 15. mars 2011 skal følgjande reknast som avfall og slutthandsamast i samsvar med europaparlaments- og

rådsdirektiv 2006/12/EF av 5. april 2006 om avfall<sup>(9)</sup> på ein måte som er trygg for menneskehelsa og for miljøet:

- a) metallisk kvikksølv som ikkje lenger vert nytta i kloralkaliindustrien,
- b) metallisk kvikksølv frå reinsing av naturgass,
- c) metallisk kvikksølv frå gruvedrift og smelting av ikkje-jarnhaldig metall, og
- d) metallisk kvikksølv som er utvunne frå sinober i Fellesskapet frå og med 15. mars 2011.

##### *Artikkel 3*

1. Som unntak frå artikkel 5 nr. 3 bokstav a) i direktiv 1999/31/EF kan metallisk kvikksølv som vert rekna som avfall, lagrast i ei føremålstenleg inneslutting

- a) mellombels i over eitt år eller permanent (høvesvis slutthandsamingsform D 15 eller D 12, slik det er definert i vedlegg II A til direktiv 2006/12/EF) i saltgruver som er tilpassa slutthandsaming av metallisk kvikksølv, eller i harde fjellformasjonar som ligg djupt under jorda og gjev eit tilsvarende tryggleiks- og innesluttingsnivå som saltgruver, eller
- b) mellombels (slutthandsamingsform D 15, slik det er definert i vedlegg II A til direktiv 2006/12/EF) i over eitt år i anlegg over jorda som er meinte for og utstyrte for mellombels lagring av metallisk kvikksølv. I dette tilfellet skal dei kriteria som er fastsette i del 2.4 i vedlegget til vedtak 2003/33/EF, ikkje nyttast.

Dei andre føresegnene i direktiv 1999/31/EF og vedtak 2003/33/EF skal nyttast på bokstav a) og b).

2. Direktiv 96/82/EF skal nyttast på lagringsstader som er nemnde i nr. 1 bokstav b) i denne artikkelen.

##### *Artikkel 4*

1. Tryggleiksvurderinga som skal utførest i samsvar med vedtak 2003/33/EF for slutthandsaming av metallisk kvikksølv i samsvar med artikkel 3 i denne forordninga, skal sikre at dei særlege risikoane som følgjer av eigenarten og dei langsiktige eigenskapane til metallisk kvikksølv og inneslutting av dette, vert omfatta.

2. Det løyvet som er nemnt i artikkel 8 og 9 i direktiv 1999/31/EF, for anlegg som er nemnde i artikkel 3 nr. 1) bokstav a) og b) i denne forordninga, skal omfatte krav til jamleg visuell inspeksjon av behaldarar og installering av føremålstenleg dampdeteksjonsutstyr for påvising av eventuelle lekkasjar.

<sup>(9)</sup> TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

3. Krava til anlegg som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 bokstav a) og b) i denne forordninga, saman med godkjenningsskriteria for metallisk kvikksølv, som endrar vedlegg I, II og III til direktiv 1999/31/EF, skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 16 i det nemnde direktivet. Kommisjonen skal så snart som mogleg og seinast 1. januar 2010 gjere eit høveleg framlegg, samstundes som det vert teke omsyn til resultatet av utvekslinga av opplysningar i medhald av artikkel 8 nr. 1 og til rapporten om forskning om trygge slutthandsamingsalternativ i medhald av artikkel 8 nr. 2.

All slutthandsaming (slutthandsamingsform D 12, slik det er definert i vedlegg II A til direktiv 2006/12/EF) av metallisk kvikksølv skal berre tillastast etter den datoen endringa av vedlegg I, II og III til direktiv 1999/31/EF er vorten vedteken.

#### Artikkel 5

1. Medlemsstatane skal sende over til Kommisjonen ein kopi av alle løyve som vert utferdta til eit anlegg som er utpeikt til å lagre metallisk kvikksølv mellombels eller permanent (høvesvis slutthandsamingsform D 15 eller D 12, slik det er definert i vedlegg II A til direktiv 2006/12/EF), saman med den høvesvise tryggleiksvurderinga i medhald av artikkel 4 nr. 1 i denne forordninga.

2. Medlemsstatane skal innan 1. juli 2012 melde frå til Kommisjonen om bruken av denne forordninga og dei verknadene ho har på marknaden på dei høvesvise territoria deira. Kommisjonen kan krevje at medlemsstatane sender over desse opplysningane før den nemnde datoen.

3. Innan 1. juli 2012 skal importørar, eksportørar og driftsansvarlege for den verksemda som er nemnd i artikkel 2, alt etter korleis det høver, sende over følgjande opplysningar til Kommisjonen og dei rette styresmaktene:

- a) volum, prisar, opphavsstat og mottakarstat, saman med tiltenkt bruk av metallisk kvikksølv som kjem inn i Fellesskapet,
- b) volum, opphavsstat og mottakarstat for metallisk kvikksølv som vert rekna som avfall, og som det vert handla med over landegrensene innanfor Fellesskapet.

#### Artikkel 6

1. Føretak innanfor kloralkaliindustrien skal sende over følgjande opplysningar om avviking av kvikksølv i eit visst år til Kommisjonen og dei rette styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld:

- a) eit best mogleg overslag over den samla mengda kvikksølv som framleis vert nytta i kloralkaliceller,
- b) den samla mengda kvikksølv som er lagra i anlegget,

c) mengda kvikksølvavfall som er send til ulike anlegg med sikte på mellombels eller permanent lagring, saman med plasseringa til og kontaktopplysningar for desse lagringsanlegga.

2. Føretak i dei industrisektorane som vinn ut kvikksølv frå reinsing av naturgass eller som eit biprodukt frå gruvedrift og smelting av ikkje-jarnhaldig metall, skal sende over følgjande opplysningar om kvikksølv som vert utvunne i eit visst år, til Kommisjonen og dei rette styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld:

- a) mengda kvikksølv som er utvunne,
- b) mengda kvikksølv som er send til ulike anlegg med sikte på mellombels eller permanent lagring, saman med plasseringa til og kontaktopplysningar for desse lagringsanlegga.

3. Dei føretaka som det gjeld, skal sende over dei opplysningane som er nemnde i nr. 1 og 2, alt etter kva som høver, første gongen innan 4. desember 2009 og deretter kvart år innan 31. mai.

4. Kommisjonen skal gjere dei opplysningane som er nemnde i nr. 3, offentleg tilgjengelege i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1367/2006 av 6. september 2006 om anvendelse på fellesskapsinstitusjoner og -organer av bestemmelsene i Århus-konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, allmenn deltakelse i beslutningsprosesser og tilgang til rettsmidler i saker vedrørende miljø<sup>(10)</sup>.

#### Artikkel 7

Medlemsstatane skal fastsetje reglane for dei sanksjonane som skal nyttast på brot på føresegnene i denne forordninga, og gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for sikre at reglane vert nytta. Dei fastsette sanksjonane skal vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot. Medlemsstatane skal melde frå til Kommisjonen om desse føresegnene innan 4. desember 2009 og straks melde frå til Kommisjonen om alle etterfølgjande endringar som har innverknad på føresegnene.

#### Artikkel 8

1. Kommisjonen skal innan 1. januar 2010 leggje til rette for utveksling av opplysningar mellom medlemsstatane og dei partane som det gjeld. Ved denne utvekslinga av opplysningar skal det særleg undersøkjast om det er behov for følgjande:

- a) å utvide eksportforbodet til å gjelde for andre kvikksølvambindingar, blandingar med eit lågare kvikksølvinnhald og produkt som inneheld kvikksølv, særleg termometer, barometer og blodtrykksmålarar,

<sup>(10)</sup> TEU L 264 av 25.9.2006, s. 13.

- b) eit importforbod mot metallisk kvikksølv, kvikksølvambindingar og produkt som inneheld kvikksølv,
- c) å utvide lagringsplikta til metallisk kvikksølv frå andre kjelder,
- d) tidsfristar for mellombels lagring av metallisk kvikksølv.

Denne utvekslinga av opplysningar skal òg ta omsyn til forskning om trygge slutthandsamingsalternativ.

Kommisjonen skal leggje til rette for vidare utveksling av opplysningar når nye relevante opplysningar vert tilgjengelege.

2. Kommisjonen skal følgje med på aktuell forskning som gjeld trygge slutthandsamingsalternativ, medrekna storkning av metallisk kvikksølv. Kommisjonen skal innan 1. januar 2010 sende over ein rapport til Europaparlamentet og Rådet. På grunnlag av denne rapporten skal Kommisjonen, dersom det er naudsynt, gjere eit framlegg til revisjon av denne forordninga så snart som mogleg, og seinast 15. mars 2013.

3. Kommisjonen skal vurdere bruken av denne forordninga og dei verknadene ho har på marknaden i Fellesskapet, samstundes som det vert teke omsyn til dei opplysningane som er nemnde i nr. 1 og 2 og i artikkel 5 og 6.

4. Kommisjonen skal så snart som mogleg, men seinast 15. mars 2013, sende over til Europaparlamentet og Rådet ein rapport, eventuelt saman med eit framlegg til revisjon av denne forordninga, som skal spegle att og vurdere resultatet av den utvekslinga av opplysningar som er nemnd i nr. 1, og av den vurderinga som er nemnd i nr. 3, i tillegg til den rapporten som er nemnd i nr. 2.

5. Kommisjonen skal innan 1. juli 2010 melde frå til Europaparlamentet og Rådet om framgangen når det gjeld multilateral verksemd og multilaterale forhandlingar om kvikksølv, og særleg vurdere om tidsfristane og verkeområdet for dei tiltaka som er førte opp i denne forordninga, samsvarer med den internasjonale utviklinga.

#### *Artikkel 9*

Medlemsstatane kan inntil 15. mars 2011 halde ved lag nasjonale tiltak som avgrensar eksporten av metallisk kvikksølv, sinober, kvikksølv(I)klorid, kvikksølv(II)oksid og blandingar av metallisk kvikksølv og andre stoff, medrekna kvikksølvlegeringar, med ein kvikksølvkonsentrasjon på minst 95 vektprosent, som er vedtekne i samsvar med fellesskapsregelverket før 22. oktober 2008.

#### *Artikkel 10*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 22. oktober 2008.

*For Europaparlamentet*

H.-G. PÖTTERING

*President*

*For Rådet*

J.-P. JOUYET

*Formann*